



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 10.01.2017 kl. 15:15-17:20

Stad: ASKVOLL

---

### Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Halldis Rørvik	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Stein Hugo Fykse	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Else Stølen	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem
Eva Iren Landøy	Varamedlem

Kom til sak SR 2017/03

---

### Forfall:

Harriett Norstrand	Medlem
Terje Mork	Medlem
Aud Eldrid Frøholm	Medlem

---

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2017/1		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2017/2		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 29.11.2016	RUNE ZIENER
SR 2017/3		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2017/4		Vedlikehald av grøntanlegg ved Vilnes kyrkje sesongane 2017-2019	RUNE ZIENER
FR 2017/5		Kvammen kapell. Innvendig rehabilitering. Val av tilbod.	RUNE ZIENER
FR 2017/6		Kvammen kapell. Innvendig rehabilitering. Val av hovudløysingar. <b>SAKA UTSETT</b>	RUNE ZIENER
FR 2017/7		Vegskilting. Kvammen kapell og Gjelsvik og Vågane gravplassar.	RUNE ZIENER
FR 2017/8		Budsjett 2017	RUNE ZIENER

Askvoll, 10.01.2017

Ref. Rune Ziener

---

## **SR 2017/1 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **UTGREIING**

#### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen slik dei ligg føre.

#### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen slik dei ligg føre.

---

## **SR 2017/2 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 29.11.2016**

### **UTGREIING**

#### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 29.11.2016.

#### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 29.11.2016.

---

## **SR 2017/3 Skriv, meldingar og drøftingar**

### **UTGREIING**

Følgjande skriv, meldigar og drøftingar er lagt fram:

- M 2017/01 Bjørgvin biskop: Vara for geistleg representant i Askvoll sokneråd frå 01.01.2017 vert Reidar Knapstad.
- M 2017/02 Justert gudstenesteplan 1. halvår 2017.
- M 2017/03 Etablere "diskusjons-/og informasjonsforum" om aktuelle saker i kyrkjelyden?
- M 2017/04 Kyrkjebladjubileet 2017.
- M 2017/05 Medarbeidarsamling.
- M 2017/06 Orientering om administrasjonsutvalets tilsettingsvedtak om prosjektstilling i gravplassadministrasjonen

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar og drøftingane til orientering.

#### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar og drøftingane til orientering, men med slik presisering:

Til M-sak 2017/05 vert dato for medarbeidarsamlinga sett til 15. februar. AU får fullmakt til endeleg fastsetting av programmet.

---

## **FR 2017/4 Vedlikehald av grøntanlegg ved Vilnes kyrkje sesongane 2017-2019**

### **UTGREIING**

Sesongen 2016 har ein hatt avtale med privat entreprenør om vedlikehald av grøntanlegget ved Vilnes kyrkje for å styrke det totale gravplassvedlikehaldet i soknet. Omfanget har vore i snitt 7,5t per veke i sesongen, og ekstrainnsatsen har hatt god effekt. Avtalen for 2016 var tidsavgrensa til éin sesong, og ein må difor inngå ny avtale om ein skal gå vidare med ordninga (som ein har føresett i økonomiplanvedtaket for 2017). Ordninga har ein kostnad på om lag kr 60.000,- per sesong.

Om ein går vidare med ordninga, bør ein vurdere ein lengre avtaleperiode enn éin sesong, både med tanke på forutsigbarheit for entreprenør og sokneråd, samt unngå for hyppig administrativt arbeid knytt til konkurranse og avtaleinngåing.

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd utlyser tilbodskonkurranse om vedlikehald av grøntarealet ved Vilnes kyrkje for sesongane 2017-2019.
2. Kontrakt for sesongen 2016 vert nytta som mal for ny avtale.

### **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd utlyser tilbodskonkurranse om vedlikehald av grøntarealet ved Vilnes kyrkje for sesongane 2017-2019.
2. Kontrakt for sesongen 2016 vert nytta som mal for ny avtale.

---

## **FR 2017/5 Kvammen kapell. Innvendig rehabilitering. Val av tilbod.**

### **UTGREIING**

Kyrkjeverja har gjennomført tilbodskonkurranse for konsulenttenester i samband med innvendig rehabilitering av Kvammen kapell.

Ein har motteke tilbod frå Norconsult AS og Sweco AS (som begge tidlegare har arbeidd med kapellet).

Tilboda omfattar estimert tidsbruk samt timepris på følgjande:

1. Oppstartsmøte med drøfting av løysingar/moglegheiter med Askvoll sokneråd sitt arbeidsutval (AU)
2. Utarbeiding av skisser/første teikningsdel med lågt detaljnivå som godkjenningssgrunnlag frå biskopen.
3. Utarbeiding av konkurranseggrunnlag.
4. Byggesak (dersom tiltaket er meldepliktig).
5. Kontrahering.
6. Byggeleiing og oppfølging under byggetid.

Sweco AS har levert det mest konkurransedyktige tilbodet, både ut frå timepris og estimert tidsbruk. Forventa kostnad er kr 119.000,- ekskl. MVA.

Etter Askvoll sokn sitt økonomireglement § 3-3 skal enkeltanskaffelser med verdi høgre enn kr 100.000,- vere godkjent av soknerådet.

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vel innkomne tilbod frå Sweco AS om konsulenttenester i samband med innvendig rehabilitering av Kvammen kapell.

### **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vel innkomne tilbod frå Sweco AS om konsulenttenester i samband med innvendig rehabilitering av Kvammen kapell.

---

## **FR 2017/6 Kvammen kapell. Innvendig rehabilitering. Val av hovudløysingar.**

### **UTGREIING**

### **INNSTILLING**

#### **MØTEHANDSAMING**

Det vart orientert munnleg om prosessen vidare og førebels løysingsalternativ som har vore drøfta i soknerådet sitt arbeidsutval.

#### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Vedtak i saka vert utsett til soknerådsmøtet i februar.

---

## **FR 2017/7 Vegskilting. Kvammen kapell og Gjelsvik og Vågane gravplassar.**

### **UTGREIING**

Det har tidlegare vore arbeidd i kyrkjelydsutvalet for Kvammen for å få på plass vegskilting til Kvammen kapell, Vågane gravplass og Gjelsvik gravplass, men dette arbeidet har av ulike årsaker stoppa opp. For å få på plass skilting bør soknerådet fatte vedtak i saka.

Det er vegstyresmaktene som tek avgjerd i spørsmålet om virksomhetsskilt kan monterast, og endeleg tal skilt og plassering av desse etter søknad frå eigar av verksemda.

Etter skiltforskrifta § 39 skal det betalast ein eigenandel for skilting (som dekkjer skiltvedlikehald for 5 år). I midlertid kan det verte gjeve fritak for egedel.

Eigendelen utgjer:

Kr 2.400,- pr. tekstlinje (ved teksthøgde over 140 mm).

Kr 1.200,- pr. tekstlinje (ved teksthøgde under 140 mm).

Kr 600,- i tillegg for sidestilt symbol.


### **Behovet for skilting**

Vågane gravplass er ikkje skilta, og gravplassen er berre knapt synleg frå FV 609. Vågane er ikkje markert med stadnamnskilt, men dette bør det vere skilting frå begge retningar langs hovudvegen.

Det er ikkje skilta avkjørsle til Kvammen kapell. Det bør vere skilta begge retningar på FV 609.

Gjelsvik gravplass er ikkje skilta, og er ikkje synleg frå FV 609. Ved avkjørsle til Gjelsvik er heller ikkje stadnamnet skilta. Om ein kjem frå aust og tek av mot Kvammen er det vanskeleg å finne gravplassen om ein ikkje er lokalkjent. Sjølv om det ikkje er skilta gravplass ved avkjørsle til Kvammen, vil nok fleire ta av her om det er skilta avkjørsle til kyrkja. Det vil då vere ein fordel med skilt i krysset på FV 366. Beste plasseringa vil truleg vere som illustrert på kartet.

## **Skilting Gjelsvik gravplass**



Med skilting som føreslege over, vil dette utgjere samla eigendel:

2 virksomhetsskilt (175 mm) inkl. symbol, Kvammen kapell	6.000,-
2 virksomhetsskilt (175 mm) Vågane gravplass	4.800,-
2 virksomhetsskilt (175 mm) Gjelsvik gravplass	4.800,-
3 virksomhetsskilt (140 mm) Gjelsvik gravplass	3.600,-
<b>Total</b>	<b>19.200,-</b>

I første omgang kan ein søkje Statens vegvesen om at skilting av gravplassane og kapellet vert gjennomført, og ein kan komme tilbake til finansiering av eventuelle eigendelar når ein kjenner til endeleg skiltpllassering, storleik og tal skilt.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd søker Statens vegvesen om vegskilting for Kvammen kapell og Gjelsvik og Vågane gravplassar i samsvar med skissert løysing i saksutgreiinga.
2. Ein kjem tilbake til finansiering av evt. eigendel om dette vert nødvendig når svar på søknaden ligg føre.

## **MØTEHANDSAMING**

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd søker Statens vegvesen om vegskilting for Kvammen kapell og Gjelsvik og Vågane gravplassar i samsvar med skissert løysing i saksutgreiinga.
2. Ein kjem tilbake til finansiering av evt. eigendel om dette vert nødvendig når svar på søknaden ligg føre.

---

## FR 2017/8 Budsjett 2017

### UTGREIING

#### Investering

I samsvar med vedteke økonomiplan får Askvoll sokn eit investeringstilskot for 2017 på kr 1,1 millionar kroner til innvendig rehabilitering av Kvammen kapell.

I tillegg er det nokre ikkje-oppstarta/avslutta prosjekt frå tidlegare som må oppfinansierast frå 2017.

I samsvar med tidlegare vedtak (FR 2016/52) vil ein ha desse investeringsprosjekta i soknet i 2017:

Prosjekt	Prosjektkostnad ekskl. MVA
Kvammen kapell (rehabilitering av takkonstruksjonen)	2 564 000
Sikring mot Bakkeelva	1 214 500
Parkeringsplass Vilnes	611 000
Lyssetting Vilnes	250 000
Kvammen kapell (innvendig rehabilitering)	1 100 000
KLP-innskot	12 000

Etter vedtaket av økonomiplan/førebels budsjett for 2017, veit ein no at to av investeringsprosjekta (utviding av Askvoll kyrkjegard og brannsikring av Vilnes kyrkje) vil ha overskridningar på om lag kr 200.000,- i 2016. Budsjetterte avsetningar til kapitalfond i 2016 må nyttast for å dekke opp finansieringa av dette meirforbruket. Som konsekvens vil dette påverke tidlegare planlagt finansiering av investeringsprosjekt i 2017 (bruk av ubunde kapitalfond), og ein må komme tilbake til finansieringen av investeringane i budsjettjusteringssak når endelege rekneskapstal for 2016 ligg føre.

### **Driftsbudsjettet.**

Askvoll sokn får kr 3.747.000,- i driftstilskot frå kommunen, om lag som innmeldt behov.

I forhold til økonomiplanvedtaket må ein likevel gjere nokre endringar som følge av endra forutsetningar etter førebels budsjett (økonomiplanvedtaket):

- Endra avtale med kommunen sin kulturskule fører til inntektsreduksjon på om lag kr 110.000,- frå rekneskapsåret 2017 samanlikna med tidlegare år. Ein må finne inndecking for dette for å få budsjettet i balanse.
- Konsekvensar av budsjettjusteringar i november 2016, der utsette vedlikehaldsprosjekt til 2017 vert lagt inn i budsjettet med kr 140.000,- finansiert med bruk av disposisjonsfond.

Størst handlingsrom innan driftsbudsjettet finn ein i VU-planen.

### **VU-plan 2017**

Tiltak	Stip. utgift
Innkørsle Gjelsvik gravplass	75.000
Nytt gjerde Stongfjorden gravplass	25.000
Destruksjon gamle gravminne	30.000
Komfyrr til Kvammen kapell	20.000
Uføresett vedlikehald	50.000
<u>Totalt</u>	<u>200.000</u>
<b>Overførte tiltak fra 2016</b>	
Ferdigstilling interiør Askvoll kyrkje	50.000
Klokketårn Vilnes kyrkje	50.000
Skifte isolasjon under korgolvet i Askvoll kyrkje	40.000

<u>Sum utsette tiltak</u>	<u>140.000</u>
---------------------------	----------------

### **Overføringer til investering**

Det er budsjettert i førebels budsjett 2017 ei overføring til investering på kr 115.000,- til utviding av parkeringsplassen ved Vilnes kyrkje. Her er det mogleg å redusere ved å nytte ein større del av gåvefondet knytta til Vilnes kyrkje til parkeringsplass.

Om budsjetterte kr 250.000,- brukt av fondsmidlar til prosjektet med lyssetting ved Vilnes kyrkje i 2016 held, vil det vere om lag kr 178.000,- igjen av gåvefondet, og kr 62.000,- av desse er vedteke brukt til parkeringsplassen i førebels budsjettvedtak for 2017.

Budsjettforslaget er ført med underskot på kr 58.700,- og Askvoll sokneråd må finne ei inndekking av desse.

Kyrkjeverja si prioriteringsliste for inndekking er:

1. Redusere overføring til investeringsbudsjettet for å finansiere utviding av parkeringsplass på Vilnes, og auke opp fondsfinansiering på dette prosjektet.
2. Fondsfinansiere ferdigstilling av interiør i Askvoll kyrkje med restmidlar for rehabilitering.
3. Utsetje utbetringa av innkøyrslle til Gjelsvik gravplass inntil ein finn anna høveleg finansiering for dette.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vedtek investeringsbudsjett og driftsbudsjett for 2017 som det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja, og balanserer driftsbudsjettet etter kyrkjeverja sitt prioriteringspunkt 1.
2. Konsekvensen av dette vert innarbeidd i investeringsbudsjettet.

## **MØTEHANDSAMING**

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek investeringsbudsjett og driftsbudsjett for 2017 som det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja, og balanserer driftsbudsjettet etter kyrkjeverja sitt prioriteringspunkt 1.
2. Konsekvensen av dette vert innarbeidd i investeringsbudsjettet.